



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato 18.02.2020
Møtetid: Kl. 15:00 - 18:00
Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Ove Totland	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Thorvald Moe	H
Oskar Røen	MDG
Monica Tjønnå	Sp

Møtenotater:

Linda Kollbotn (Frp) var ugild under sak 03/20
Karl Kollbotn (Frp) var ugild under sak 03/20
Håvard Tvedterås (Frp) møtte under sak 03/20
Evelyn Frøland (Bl) møtte under sak 03/20

Leiar Samfunnsutvikling Hilde-Lill Våge orienterte om følgjande saker:

Status forsøpling-/forureinsingsaker - Der kommunen har gjeve pålegg og frist for fjerning av bilvrak, og desse ikkje vert overholdt vil kommunen fjerne bilvrak for eigars rekning.

Status ulike prosjekt:

- Reguleringsplan for gang- og sykkelveg, og VA i Eikedalen - Entreprise for utarbeiding av planen vert lagt ut på anbod etter vinterferien.
- Revisjon av reguleringsplan for Bjørkheimsområdet - Administrasjonen heldt på å lage entreprisen for diverse analyser og moglegheitstudie som skal ut på anbod i løpet mars.
- For begge reguleringsplanene vil grunneigarar og naboar verte direkte varsla.
- Badevika på Bjørkheim, Teigavika, vert lagt ut på anbod i DOFFIN innan februar.
- Kommunen har søkt Klimasats om tilskot til 3 tiltak: 8 Ladepunkt kommunale bilar, innfartsparkering på Bjørkheim, konsulenthjelp til overgang frå naturleg ventilasjon til klimavenleg løysing på barneskulen.

Leiar av naturutvalet - Karl Kollbotn (Frp) orienterte følgjande for Eikedalsvassdraget: Terje Engvik, som tidlegare har hatt oppdrag for kommunen om vassdraget, kjem og heldt ei orientering i

kommunestyret i junimøtet. Naturutvalet får saka til ny handsaming etter sommarferien.

Utvalet sitt kvarter:

Anja Elisabeth Markhus Gjerde (BI) bad om status for skiltplanen. Leiar for samfunnsutvikling orienterte om at første del av skiltplanen er under gjennomføring. Underskilt med nummerering til husstandar og feriebustader skal vera utført i løpet av våren. Deretter vil vi sette opp skilt i tråd med godkjent plan frå vegvesenet på Bjørkheim, samt parkeringskilt så langt det er midlar til dette.

Øyvind Steinsland (BI) stilte spørsmål om ikkje det burde verte malt i Raunekleivtunnellen, etter ulukka som var der. Leiar for samfunnsutvikling orienterte om at dette er fylkeskommunen som er vegeigar på FV 49. Kommunen har ein trafikksikringsplan (TS-plan) der vi spelar inn tiltak frå Samnanger til fylkeskommunen for dei vegar som dei eig. TS-planen vert revidert omlag 2. kvar år. Ø.Steinsland stilte og spørsmål om status for utviding av Hagabakkane. Ordførar orienterte om status og at dette er noko ein og vil kome tilbake til. Gangvegen frå Hagabotnane vil og få fleire til å gå frå Lønnebakken/Gjerde/Steinsland og resultere til mindre bilar opp Hagabakkane.

Leiar av samfunnsutvikling ønskjer helst å få inn spørsmål på førehand så administrasjonen kan kan få tid til føre bu seg.

Opplæring - 1 bolk av 3:

Ragnhild Lønningdal (planleggar) gjekk igjennom PBL mhp det som gjeld plan. Ho gjekk og i gjennom korleis utvalet kan få informasjon om planar og føresegner i kommunekart.com

Nina Fredriksen gjekk igjennom PBL mhp det som gjeld byggesak. Ho viste og til kommune sitt delegeringsreglement (ligg på heimesida). Dersom utvalet ønskjer reglementet på papir, ber Våge om ein mail på dette.

Møteleiar:	Karl Bård Kollbotn
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 02.03.2020

Karl Bård Kollbotn
leiar i utvalet

Hilde-Lill Våge
møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2020	20/129	Faste saker	
002/2020	18/1011	Kommunal planstrategi 2020-2023 - Handsaming før offentlig ettersyn	
003/2020	19/954	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel - Bygging av Jarlshaug kraftverk i Jarlandselva	

SAKNR. 001/2020: Faste saker

18.02.2020 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Møteinnkalling og saklista vart samrøystes vedteke.

Naturutvalet slutta seg til ekstramøte den 21 april.

NAT- 001/2020 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 002/2020: Kommunal planstrategi 2020-2023 - Handsaming før offentlig ettersyn

18.02.2020 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Planleggar Ragnhild Lønningdal orienterte om arbeidet med planstrategien og kva føringar som ligg i PBL.

Utvalet var svært engasjert og kom med mange forslag til gode tiltak, som kan gå inn i arbeidet med samfunnsplanen (KPS).

Planstrategien kjem til ny handsaming den 21 april i Naturutvalet, etter den har vore sendt ut på høyring.

Utvalet røysta over framlegget frå rådmannen som vart samrøystes vedteke.

NAT- 002/2020 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, andre ledd vert framlegg til kommunal planstrategi for Samnanger kommune 2020-2023 lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring til statlege og regionale organ og nabokommunar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, andre ledd vert framlegg til kommunal planstrategi for Samnanger kommune 2020-2023 lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring til statlege og regionale organ og nabokommunar.

SAKNR. 003/2020: Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel - Bygging av Jarlshaug kraftverk i Jarlandselva

18.02.2020 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Karl Kolbotn (Frp) og Linda Kollbotn (Frp) bad om å få sin gildskap vurdert. Dei er i direkte slektskap

med søkjar. Dei gjekk ifrå og Monica Tjønna (Sp) vart samrøystes valt til setteleiar. Utvalet vedtok samrøystes at Linda Kollbotn og Karl Kolbotn er ugild under handsaming av saka. Evelyn Frøland (Bl) og Håvard Tvedterås (Frp) deltok under handsaminga. Det vart røysta over framlegget til rådmannen som vart samrøystes vedteke.

NAT- 003/2020 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og byggjegrænse langs vassdrag fastsett i kommuneplanens arealdel, til etablering av Jarlshaug kraftverk i Jarlandselva, slik tiltaket er skildra i «detaljplan for miljø og landskap» dagsett 21.11.2019.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og byggjegrænse langs vassdrag fastsett i kommuneplanens arealdel, til etablering av Jarlshaug kraftverk i Jarlandselva, slik tiltaket er skildra i «detaljplan for miljø og landskap» dagsett 21.11.2019.